

Kommunal- og moderniseringskomiteen,
ved leiar Helge Andre Njåstad
Stortinget

Dato: 15.11.2016
Vår ref.: 2014/1323-38
Saksbehandlar: artarne
Dykkar ref.:

Betydinga av virkemidlar i det regionale næringsutviklingsarbeidet

Regionalt Næringsforum (RNF) er den regionale partnerskapen for samordna innsats for å fremje næringsutvikling i Hordaland i tråd med mål og strategiar i Regional næringsplan for Hordaland 2013 - 2017. RNF er også den regionale partnerskapen i Hordaland knytt til forvaltning av øyremerka statlege midlar til regional næringsutvikling. RNF består av Anne Kverneland Bogsnes, direktør for NAV Hordaland, Nina Broch Mathisen, direktør for Innovasjon Norge Hordaland, Dag Rune Olsen, rektor ved UiB, Astrid Toft, dagleg leiar i KS Hordland, Tom Knudsen, direktør for NHO Hordaland, Roger Pilskog, LO-sekretær i Hordaland, Elin Sjødin Drange næringsssjef i Bergen kommune, Åse Vaag, fylkeslandbruksdirektør, Fylkesmannen i Hordaland, Mette Fagerli, regionansvarleg Hordaland i Norges forskingsråd, Mette Nora Sætre, næringsssjef Hordaland fylkeskommune, Roald Kvamme, medlem av fylkesutvalet, Mona R. Strømme, medlem av fylkesutvalet og undertekna som også leiar forumet.

Dei regionale utviklingsmidlane blir nytta som utløysande delfinansiering av næringsretta utviklingstiltak og prosjekt. I 2015 medverka fylkeskommunen såleis til å løyse ut 86 slike tiltak med ei samla kostnadsramme på vel 238 mill kr gjennom å nytte 26,7 mill kr av dei regionale utviklingsmidlane. Tilsvarende nytta Innovasjon Norge i Hordaland same år 36,1 mill kr av dei regionale utviklingsmidlane til 70 etablerartiltak, 25 bedriftsretta tiltak og 7 VRI tiltak. Eit døme på ein bedrift som har fått slik støtte gjennom Innovasjon Norge er Arnpro. Dagleg leiar, Roger Arnesen i Arnpro seier; *«Uten tilskudd fra Innovasjon Norge hadde ikke Arnpro vært der de er i dag. Omsetningen har økt fra 34 mill i 2012 til opp mot 60 mill siste året. Spesielt avgjørende var prosjektet for å bedre produksjonsflyten i plateproduksjonen.»*

RNF meiner dette er gode døme på at verkemidlar til regionalt næringsutviklingsarbeid verkar og at dette er ein svært god måte å nytte offentlege virkemidlar.

På sitt møte 26. oktober diskuterte RNF mellom anna utsegna frå leiaren i Kommunal- og moderniseringskomiteen, Helge Andre Njåstad til Bergens Tidende 6. oktober i år om nytten og behovet for regionale næringsretta utviklingsmidlar. Her viser han til sine mange år i fylkespolitikken og hevder at fylkeskommunane har fått lite igjen for desse midlane. «Det er mykje konferansar, kurs og reiser», seier han. Utsegna blei gitt i samband med presentasjonen av regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2017. RNF meiner dette er direkte feil og at oversikten over tvert om viser at Hordaland fylkeskommune får mykje igjen for desse virkemidlane. På møtet kor alle medlemma i RNF med unntak av Astrid Toft, Dag Rune Olsen og Mette Nora Sætre deltok, bestemte ein seg difor for å sende eit brev om saka.

RNF konstaterer at både i artikkelen i BT og i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt orienteringsbrev til fylkeskommunane blir det gjort poeng av at den noverande regjeringa, sidan 2013, har kuttet ramma for dei regionale utviklingsmidlane med totalt 1,2 mrd kr. Samstundes har dei auka satsinga på fylkesvegar med 1,4 mrd kr. Sjølv om vi ikkje er einige i denne prioriteringa, anerkjenner RNF regjeringspartia sin rett til å prioritera slik. Det vi ikkje kan akseptere er at ein som argument for ei slik prioritering forsøker å stigmatisere, mistenkeleggjere og snakke ned bruken av dei regionale

utviklingsmidlane. Dette er etter RNF sitt syn både kortsynt og uklokt. Nasjonale evalueringar viser også at virkemiddelbruken fungerer etter føremålet.

RNF ser klart behovet for meir midlar til utbetring og vedlikehald av fylkesvegane, som er svært viktige for næringslivet rundt om i fylket. Men næringsutvikling handlar om meir enn berre vegar. For å få til ein god næringsutvikling, er det også behov for eit breitt spekter av tiltak og prosjekt innafor entreprenørskap, innovasjon, næringsretta kompetanseutvikling og lokalsamfunnsutvikling rundt om i heile fylket. Det er nettopp denne type tiltak desse midlane medverkar til å få satt i verk. Å kutte i dei regionale utviklingsmidlane til fylkeskommunen er ein svært effektiv måte for å hemma og til dels kvele det regionale næringsretta utviklingsarbeidet. Særleg alvorleg meiner RNF det blir når kutta blir kombinert med auka nasjonal detaljstyring av virkemiddelbruken. I sum blir dette svært avgrensande på det regionale politiske handlingsrommet.

Gjennom omfordeling og harde prioriteringar har fylkeskommunen så langt klart å demme opp for dei nasjonale kutta i regionale utviklingsmidlar sidan 2013. Med dei kutta som no ligg i forslaget til statsbudsjett for 2017 kombinert med den auka detaljstyringa, er det ikkje mogleg å klare dette lengre. RNF vil poengtere at det ikkje er dei nye måla for regionalpolitikken det er noko gale med. Måla er gode og gjennomtenkte. Det er den detaljerte fordelinga av virkemidlane opp mot kvart av delmåla som fratar fylkeskommunane regionalt handlingsrom til beste for næringsutviklinga i eige fylke.

RNF er informert om at fylkeskommunen difor har sett seg nøydte til varsle dei meir enn 30 aktørane som har ein partnerskapsavtale med fylkeskommunen for å drive næringsretta utviklingsarbeid rundt om i fylket kva konsekvensar dette kan få. Det blir varsla om at reduserte rammer og auka detaljstyring i Statsbudsjettet for 2017 kan få som konsekvens at mange av desse partnerskapsavtalane blir terminert eller redusert frå 2017 og at dei må ta dette med i planlegginga av eigen aktivitet i 2017.

På denne bakgrunn vil RNF be Kommunal- og moderniseringskomiteen sjå nærare på moglegheitene både for å auke rammene for regionale utviklingsmidlar minst til same nivå som i 2016 og samstundes endre den detaljstyringa av virkemiddelbruken som ligger i forslaget til statsbudsjettet for 2017.

Bård Sandal
Fylkesdirektør for regional utvikling
Leiar for Regionalt næringsforum i Hordaland

Kopi: - Stortingsbenken for Hordaland.

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.